



## Saksprotokoll

**Organ:** Fylkesutvalet

**Møtedato:** 28.09.2016

**Sak nr.:** 16/5093-6

**Internt l.nr.** 32725/16

**Sak:** 90/16

**Tittel:** Eigarmelding 2016

**Behandling:**

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigarpolitikk i del I av eigarmeldinga, inkludert:
  - A. Nye formuleringar i kapittel 1.3 Kriterium for å gå inn – og bli sitjande – som eigar i selskap/ opprettar av stiftingar
  - B. Ny formulering kapittel 1.6 vurderingar ved avvikling av engasjement
  - C. Oppdatert kapittel 1.8.1 om samfunnsansvar, miljø og etikk
  - D. Nytt kapittel 2.6 om retningsliner for eigardialog
2. Fylkestinget sluttar seg til omtalen og vurderinga av dei einstilte selskapa og stiftingane i del II av eigarmeldinga, jf. vedlegg 1.
3. Fylkestinget legg følgjande til grunn for dei einstilte selskapa, jf. del II (jf. vedlegg 1):
  - A. Inntil anna ev. vert bestemt - vidareføre eigarskapen i følgjande selskap: F1 Holding AS, Sogn og Fjordane Energi AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Framtidsfylket AS, Gulen og Masfjorden Utvikling AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS, Lutelandet Utvikling, Opplæringsfartøy AS, Kommunekraft AS, Interoperabilitetstjenester AS, Sogn og Fjordane Teater L/L, Trivselshagen IKS, Sogn og Fjordane Revisjon IKS og Vigo IKS, KLP, samt dei fire arbeidsmarknadsbedriftene Mentro AS, Origod AS, In Via AS og Sogneprodukt AS.
  - B. For dei andre selskapa syner fylkestinget til sitt vedtak i sak 33/14 punkt 2b, 3 og 4, samt fylkestinget sitt vedtak i sak 30/16 (sal av Fjord1-askjar).